

re

tranda
Norddal
• Stryn

Naturhistorisk
en har vore la-
var budsjettert
denne sesong-
berre 1.100 bil-
ulanten i Syk-
at ein reduserer
ngar og faghjelp
for å få drifta i
kulturstyre be-

ihistorie

styre bør gå inn
el utstillingar, la-
det framtidige
et i Elvetun-
er kulturkonsu-
en. Kulturstyret

a inn ein god del
tstyr som er lag-
brikkygningen,
t naturhistoriske
en. Det planlagde
blindustrien skal
et nasjonale mø-
et, som vart opna
amar. Frå 1. sep-
karen Eldar Høi-
a registrere gamle
produksjonsutstyr

ruiserekord

den 106. og siste
geiranger i denne
il seie at mellom
10 passasjerar har
ranger. Geiranger
r skyssa 18.000
alsnibba og det er
nge som i storse-

del kanselleringar
i starta som gjer at

- No har eg fått ro

- Gravferda for broren min og 18 andre var ei svært verdifull høgtidsstund. No har eg fått ro. Eg har alltid meint at broren min skulle få ei verdig gravferd. Sjølv om det tok 50 år, føler eg det no som ei bør er teke av skuldrene mine.

Bengt Flaten

Det seier Ottar Fagerheim i Hornindal. Halvanna veke er gått sidan han var med på den svært spesielle gravferda ute på M/F Losna utanfor Florø. Fagerheim mista broren Ola i ei eksplosjon-sulukke 1. september 1945. Broren var berre 17 år. Som ein av fleire varetektsfangar etter krigen, vart han plukka ut til å dumpe ammunisjon på sjøen.


Alle om bord vart drepne då ammunisjonen eksploderte.

- Det vert lettare å leve etter dette. Gravferda ved Florø vart finare og meir høgtideleg enn eg hadde tort å håpe på. Det var godt å kome saman med andre som har levd i same situasjon som oss, seier Fagerheim.

Han vil rette ei spesiell takk til sokneprest Øystein Frivold for den måten han la opp gravferda på. Vidare vil Fagerheim takke dei to andre prestane, dei som var med som sørgjande, og sjølvsaft initiativtakaren, Inger Cecilie Stridsklev.

- Eg er glad for at private tok initiativ til det styresmaktene ikkje gjorde, seier Fagerheim.

Under gravferda delte han sine tankar og sitt minne om broren som vart drepne. Fagerheim vil gjerne dele desse orda også med lesarane av Sunnmørsposten.



Til minne om broren min, Ola Fagerheim

Eg hadde ein bror for 50 år sidan. Det siste han sa til meg før han drog heimefrå, var at eg skulle passe godt på ho mor. Desse orda fortel mykje om 17-åringen som eg aldri meir fekk sjå. Han vart drepne då M/S Thekla eksploderte utanfor Florø.

Broren min Ola var ein fantastisk bror. Han var ærleg, kjekk, snill og oppofrande. Han ville ingen noko

vondt. Til og med småfuglane brydde han seg om. Han åtvara meg mot å plyndre fuglereir. Det illustrerer godt kor stort hjarterom han Ola hadde.

Det var frykteleg hardt å få meldinga om at Ola var gått bort. Så meininglaust. Meldinga har hengt ved i alle desse åra. Det har vore eit stort tomrom etter broren min. Etter han som lærte meg alt mogleg. Frå praktisk arbeid til idrett. Ola gjekk på ski

og køyrde slalåm, men særleg var han glad i å hoppe på ski.

På alle område var han langt framme. Og det viktigaste var at han aldri sa nei. Han hjalp til der det var behov. Blant anna stelte han for bestemor då ho vart sjuk. Og som storebror tok han seg av meg på alle forskjellige vis.

Den dag i dag kan eg ikkje forstå at ansvarlege folk tok med seg ein 17-åring ut på båt for å dumpe ammuni-

sjon. Slikt kunne ikkje vere lovleg. For oss som sit att, har det vore 50 år med dagleg sakn. Og ekstra vanskeleg har det vore ettersom vi ikkje ein gong har hatt ei grav å gå til.

Gravferda, som vi no fekk oppleve 50 år etter, er difor noko vi har venta på i alle år. Det samfunnet ikkje følte ansvar for å gjere, har private fått til på eige initiativ. Det er vi svært takksame for. Sjølv om det er hardt å ta

farvel på ei gravferd, er det så des godt å vite at han Ola end- fått ein verdig slutt. No skal og ha ei grav å gå til.

«Ditt liv du bygget på kjærlighetens grunn. Du tenkte først på andre, helt til den siste stund».

Hjortejakt

Spraykurs for møbellær